



Referat frå siste prosjektmøte i arbeidsgruppa - nr. 1 i 2025

DATO/TID: 06.01.2025 kl 10:00-12:00
MØTE NR: 6/2024
STAD: Møterom Helgehornet, 3. etg. Volda rådhus
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleder), Anita Kristiansen (helse og omsorg), Håvard Strand (skule), Anita Gaarder (barnehage) Wenche Skjærvik (reinhold), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet), Sonja Hovden (HVO), Lena Sætre (HTV NSF), Svein Berg Rusten (kommunalsjef helse og omsorg), Ingunn Gjengedal (ass. kommunalsjef helse og omsorg)
FRÅFALL: Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet)
MØTELEIAR: Berit Lyngstad
REFERENT: Nina Kvalen

Sak nr	SAK/KONKLUSJON	Ansvarleg
1/25	Status og vegen vidare i heiltidskulturprosjektet Nina oppsummerte prosjektarbeidet: Møter: Det er avvikla 16 prosjektmøte og heiltidskultur har vore på dagsorden i 2-3 PSU-møter kvart år Prosjektbistand/støtte: 2023: I oppstartsfasen første halvår 2023 hadde kommunen støtte frå KS Konsulent med kunnskap om heiltidskultur og oppgåvekartlegging, med Hornindal institusjonsteneste og heimeteneste som pilot 2024: Frå byrjinga av 2024 har kommunen delteke i Tørn Nasjonalt læringsnettverk, med Kleppevegen i bu og habiliteringstenesta som pilot Tiltak og aktivitetar: I arbeidet med å utvikle ein heiltidskultur må det vere ein heilskapleg innsats på fleire tiltaksområde, som saman vil bidra til omstilling. I linken er ei oppsummering av aktivitetar og tiltak som har vore på dagsorden i prosjektgruppa Heiltidserklæring vart vedteke i 2023 og justert med nye tal i 2024 Statistikk: PAI-statistikk (KS) om heiltid og stillingsstorleik Volda - Det er utarbeidd lokal oversikt over utviklinga av heiltidsandel og stillingsstorleik i Volda etter PAI-tal frå KS (excel) Heiltidsplakat: Alle arbeidsplassane i helse og omsorg, barnehage, skule og reinhold laga heiltidsplakat i 2023, som vart oppdatert med nye tal i 2024 Kick-off: Det er gjennomført 2 kick-off med målgruppe: Leiarar og STIM-gruppene i helse og omsorg, oppvekst og reinhold, HTV, HVO og politikarar 2023: Oppstartssamling 2024: Status for heiltidskultur i Volda kommune Oppgåvekartlegging og redesign; Hornindal omsorgssenter og heimeteneste har vore pilot. Iverksette ny turnus med langvakter på helg frå 2. september 2024. Tiltaket er under evaluering no Delprosjekt; Det er etablert tre delprosjekt med eigne arbeidsgrupper: Utlisningspraksis og rekrutteringsstrategi Permisjonspraksis Tørn Nasjonalt læringsnettverk: Pilot Kleppevegen i bu og hab.-tenesta Belastningar i jobben: 18.03.24 vart det gjennomført eit seminar om belastningar i jobben, med påfølgjande gruppearbeid for korleis jobbe vidare med dette i HMS-arbeidet på overordna og arbeidsplassnivå. Målgruppe som på kick-off.	Berit Nina



	Dynamon: Vi har teke i bruk Dynamon, eit KI basert turnusprogram, for å forenkle og gjere turnusarbeidet meir effektivt. Fire tenester i helse og omsorg er pilotar Drøftingar i møtet for avklaring/oppfølging: For avklaring i styringsgruppa: - Korleis arbeide vidare med delprosjekta <i>Utlysings- og rekrutteringsstrategi</i> og <i>Permisjonspraksis</i>? - Det må avklarast vidare organisering av arbeidet med delprosjekta og når desse skal ferdigstillast - Når det gjeld <i>permisjonspraksis</i> har vi gode rutinar i permisjonsreglementet vårt. Kan vurdere å justere dette der det særleg vil gå ut over 4 K (<i>Kompetanse, Kvalitet, Kapasitet, Kontinuitet</i>) t.d.: <i>Barnets 1000 første dagar</i> og i tenester der brukarane har særskild behov for 4 K - Utlysingspraksis og rekrutteringstrategi; har m.a. hatt ei gjennomgang av KS sitt verktøyet for rekruttering med KS v/Hanne Børrestuen, og sett på statistikk i Webcruiter på kva som er utlyst <i>Oppgåveforskyving</i> – Wenche og Svein orienterte om forskyving av reinhaldsoppgåver i heimebasert omsorg (HBO), frå helse og omsorg til reinhald. Slik kan HBO i større grad fokusere på helseretta oppgåver, og brukaren får reinhald i eigen heim fagmessig utført av reinhaldspersonell. 1,5 årsverk vart flytta frå HBO til reinhald, derav tilsette med god erfaring. Det vart kjøpt inn ny bil til reinhald for å løyse auka transportbehov. Det er berre gode erfaringar frå begge tenestene. For oppfølging i ny prosjektgruppe Strategi for heiltidskulturarbeidet Oppgåveforskyving: I arbeidet med oppgåvekartlegging i Tørn (Kleppevegen) har vi sett at det kan vere aktuelt å gå gjennom behovet for reinhaldstenester til brukarar i dei tilhøva der reinhaldet ikkje kan gjerast saman med brukaren som eit miljøterapeutisk tiltak. Vi bør sjå på tilsvarane i øvrige helse- og omsorgstenester Teams-gruppe: Det er hensiktsmessig å etablere ein ny Teams-gruppe for arbeidet med heiltidskultur under leiing av kommunalsjef helse og omsorg Prioritert innsats i 2025: Arbeidet med heiltidskultur blir overført til helse og omsorg Kommunedirektøren og hans leiargruppe ønsker å spisse arbeidet med heiltidskultur mot helse og omsorg i 2025. Det er helse og omsorg som er målgruppe for <u>Tørn</u>, og sektoren har store utfordringar med aukande behov for helse- og omsorgstenester, aukande mangel på personell til å yte tenestene, høg andel deltidsstillingar, høgt sjukefråvær og omfattande bruk av vikarar. Samtidig må vi sikre kvalitet, kontinuitet og kompetanse i tenestene for å ivareta både brukarane og dei tilsette. For å møte utfordringane må vi organisere oppgåver og arbeidstida på nye måtar gjennom oppgåvekartlegging/-forskyving, nye arbeidstidsordningar som er meir effektiv og framtidsretta og bruk av velferdsteknologi. Ny organisering av arbeidet med heiltidskultur frå 2025: - Prosjektgruppe: Overordna STIM-gruppe i helse og omsorg - Prosjekteigar: Svein Berg Rusten, helse og omsorgssjef - Prosjektleder: Nina Kvalen - Styringsgruppe: Leiargruppa til kommunedirektøren	Berit / Svein Svein Wenche Svein Nina Svein Nina
--	--	--



	Oppgaver for ny styrings- og prosjektgruppe vil m.a. vere: • Utarbeide mandat for det vidare arbeidet med heiltidskultur • Avklare om vi treng KS og Tørn (ev. andre) for å kome eit stykke vidare? Tørn blir avslutta i april 2025, skal vi søke Tørn på nytt? • Vurdere om det er aktuelt med eit felles Tørn-seminar for Volda og Ørsta i 2025 etter Tørn-piloten er evaluert • Utarbeide lokale dokument for arbeidet med heiltidskultur; retningsliner, heiltidsstrategi, rettleiar for arbeidstidsordningar (langvakter, helgefrequens/-timar, pauser, insentiv m.v.) • Søke samarbeid med nabokommunar (Ørsta) om insentiv og andre strategiar i arbeidet • Kombinasjonsstillingar; samarbeid på tvers av tenestene i helse og omsorg og mellom helse og omsorg og oppvekst, bidreg til fleire store stillingar, avlaste ved pauseavvikling m.v. • Heiltidsplakat; vurdere om vi skal halde fram med målingar i alle tenestene; helse og omsorg, oppvekst og reinhald, og om vi skal måle sjukefråvær • Vidare bruk av Dynamon Vidare arbeid med heiltidskultur i barnehage, skule og reinhald • Arbeidet med heiltidskultur må setjast på dagsorden og arbeidast vidare med på leiarnivå og STIM-gruppene på overordna og arbeidsplassnivå • Det er m.a. sentralt å for alle sektorane/tenestene å arbeide med: ○ Oppgåvekartlegging, redesign og ny oppgåvedeling ○ Kartlegge kva oppgåver som skal løysast og korleis er dei organisert ○ Bruk av TØRN-metodikken Reinhald: • Har arbeidd med å auke stillingsstorleiken; fleire har fått heile stillingar eller auka stillingsprosent • Har nokre delte stillingar (SFO/reinhald) • Oppgåveforskyving; frå helse og omsorg til reinhald Skule/barnehage: • Jobbe vidare med heiltidskultur på ulike vis • Kor fleksibelt kan vi gjere det i oppvekst? • Permisjonspraksis • Utlysingspraksis • Kombinasjonsstillingar • Heile stillingar – barnets 1000 første dagar • Emosjonelle og relasjonelle belastningar i jobben	Berit Svein Nina Per Ivar Tor Halvar Wenche Per Ivar
2/25	Framdriftsplan, møter i 2024/2025 - 18.01.24: Prosjektmøte; velferdsteknologi, kick-off, plan 2024 - 07.02.24: Kick-off 2024; samling heile dagen - 07.03.24: Prosjektmøte; evaluering Kick-off, status og framdrift tiltak - 29.04.24: Prosjektmøte; evaluering saml., retningsliner, møte Dynamon - 03.06.24: Styringsgruppa (PSU): Evaluering heiltidserklæring, orientering - 06.06.24: Prosjektmøte; Innspel; korleis jobbe vidare? - 04.09.24: Fagdag om turnus og Dynamon, heil dag Uppheim - 03.10.24: Prosjektmøte; status, vegen vidare, STIM, lokale retningsliner heiltidskultur - 11.11.24: Prosjektmøte; lokale retningsliner, vegen vidare i heiltidsarbeidet - 06.01.25: Prosjektmøte; Siste møte i prosjektgruppa; vidare satsing i helse og omsorg	Nina